



<b>REFERAT</b>	Møte mellom Skyss og kommunane i nordre del av fylket				
<b>MØTELEIAR</b>	Gudrun Einbu				
<b>MØTEDATO</b>	04.01.2023	<b>TID</b>	12.00 – 14.50	<b>MØTESTAD</b>	Teams
<b>REFERENT</b>	Eivind Eikenes Dahle				
<b>REF. DATO</b>	06.01.2023	<b>ARKIVSAK</b>		<b>ARKIVNR</b>	
<b>DELTAKARAR</b>	Skyss, Sunnfjord kommune, Bremanger kommune, Stad kommune, Luster kommune, Fedje kommune, Masfjorden kommune, Solund kommune, Gulen kommune, Gloppen kommune, Kinn kommune, Askvoll kommune, Fjaler kommune, Hyllestad kommune, Vik kommune, Stryn kommune, Austrheim kommune, Sogndal kommune og Nordfjordrådet				
<b>FRÅVERANDE</b>					

## Referat frå møte mellom Skyss og kommunane i nordre del av fylket

<b>Nr</b>	<b>Sak</b>
1	<p><b>Innleiing og presentasjon v/ Skyss</b></p> <p>Skyss innleia møtet og ønskte velkommen til alle deltakarane.</p> <p>Vidare gav skyss ein presentasjon der det blei snakka om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Agenda for møtet</li> <li>- Skyss sitt samfunnsoppdrag</li> <li>- Kva mål Skyss jobbar mot</li> <li>- Strategi for berekraftig mobilitet</li> <li>- Skyss sine hovudoppgåver</li> <li>- Passasjertal og korleis pandemien har påverka reisemønstra</li> <li>- Budsjett og moglegheitsrom for nye tilbod</li> <li>- Prosessar for tilpassing og utvikling av rutetilbodet</li> <li>- Pågåande arbeid i fylket</li> <li>- Korleis kommunane kan gje skriftlege innspel til ruteendringar</li> </ul> <p>Årleg ruteendring er ein omfattande prosess i Skyss. Kontakten med kommunane er ein viktig del av prosessen, og vi har stor nytte av dialogen og konkrete innspel. Likevel er erfaringane frå tidlegare år at det er ei utfordring med gapet vi ser mellom ønske og behov i kommunane, og moglegheita Skyss har for å gjere tiltak innanfor dei økonomiske rammene vi har.</p> <p>For 2023 ønsker Skyss å vere tydelegare på rammene. Med budsjettet som er vedteke i fylkestinget i desember 2022, ligg det ikkje friske midlar til auka tilbod utover byvekstavtaleområdet. Dette betyr at ein i hovudsak er ute etter omprioriteringar og</p>



	<p>justeringar som kan gjere eksisterande tilbod meir tenleg for dei reisande. I arbeidet med dei gode prioriteringane er dialogen om dei lokale behova svært viktig.</p> <p>For å redusere det administrative arbeidet i Skyss med handtering av innspelsbrev, og frigjere tid til å jobbe med handsaming av ønska, er det i år lagt opp til at kommunane må melde innspel i eit felles digitalt skjema.</p> <p>Skyss har tre pågåande/komande arbeid som vart informert om i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Anbudsprosess for buss i Nordfjord der oppstart er juni 2025</li> <li>• Anbudsprosess ferje for sambanda der oppstart er januar 2027:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Mjånes – Hisarøy</li> <li>○ Måløy – Husevågøy – Oldeide</li> <li>○ Stårheim - Isane</li> <li>○ Askvoll – (Gjervik) – Fure – Værlandet</li> <li>○ Rysjedalsvika – Rutledal – Krakhella – Losna</li> </ul> </li> <li>• Mobilitetsplan Sunnfjordsregionen</li> </ul> <p>I arbeid med anbod og mobilitetsplanar, så vil Skyss involvere kommunar og andre relevante interessentar til å kome med innspel når vi er kome i gang med arbeidet.</p>
2	<p><b>Kommunane presenterer sine innspel til Skyss</b></p> <p>Alle kommunar, og Nordfjordsrådet, fekk høve til å kome med innspel om rutejusteringar til Skyss.</p> <p>Desse innspela kan kommunane og sende inn skriftleg i etterkant av møtet. Meir informasjon kjem.</p>
3	<p><b>Oppsummering og avslutning v/Skyss</b></p> <p>Skyss oppsummerte møtet og takka for mange gode innspel. I løpet av kort tid vil det bli sendt ut informasjon til postmottak i kommunen om korleis ein kan sende innspela frå kommunen inn i skjemaløysinga. Det er sett frist til 31. januar for innsending av innspel.</p>